
Arkivkode:

Saksnummer: 2016/2944

Orienteringssak: **2**

Møte: 2. februar 2017

REKNESKAP FOR 2016 OG OVERFØRING TIL 2017

Fakultetet overførte 9,6 millionar kroner frå 2015. Samtidig overførte vi forpliktingar knytt til eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, utstyrsinvesteringar og andre øyremerka tiltak i 2016 på rundt 30 millionar kroner. Vi har hatt eit positivt driftsresultat i 2016 på ca. 2,8 mill. kr og overfører 12,3 mill.kr til 2017. Frå 2016 overfører vi forpliktingar på nær 40 mill.kr knytt til eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, utstyrsinvesteringar og andre øyremerka tiltak.

Bidrags- og oppdragsaktiviteten ved fakultetet har i 2016 vore på ca. 388,4 millionar kroner, med innbetalingar på ca. 386,4 millionar kroner. Overføringane på BOA er dermed omtrent på same nivå som ut av 2015.

FAKULTETSDIREKTØRENS KOMMENTARER

Fakultetet sin økonomi vert påverka av at ein stadig større del av inntektene frå både bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet og grunntildelinga vert konkurranseutsett. I tillegg har det dei siste åra vore store svingingar (grunna EU-innbetalingar) i resultatutsette inntekter.

I 2016 hadde fakultetet ein kraftig nedgang i resultatutteljinga, og fordelte rundt 13,5 mill.kr meir til institutta enn inntektene tilsa. Dette kunne vi gjere sidan vi venta auke i resultatutteljinga i 2017, og kunne i 2017 hente inn igjen underskotet. Difor har det i 2016 vore ubalanse i overføringar mellom fakultetsnivået og institutta, men fakultetet har hatt fokus på at det ikkje vert for stort akkumulert underskot ved MN-felles, samtidig som institutta samla overfører overskot. Vidare er det ubalanse i overføringane mellom institutta. Medan nokon institutt har ein stram økonomi, er det større overføringar ved andre.

Fakultetet styrte frå starten av året mot budsjettbalanse for fakultetet samla. Tildeling av nye studieplassar og det at tildeling til SFU bioCEED i 2016 for fyrste gang kom via KD, gjorde at fakultetet per juli auka prognosen til 5 millionar kroner i overskot. Denne prognosen heldt fakultetet fast i utover året. Med eit faktisk resultat på 12,3 mill.kr, opplever vi å ha god kontroll på utvikling av prognose og faktisk resultat.

Frå år til år overfører fakultetet forpliktingar som er vesentleg høgare enn sjølve overføringane, der dei største forpliktingane er knytt til BOA i form av eigenandelar og toppfinansiering. Fakultetet er avhengig av å oppretthalde eller auke nivået på BOA, særskilt for prosjekt/verkemidlar som utløyser eigenandelar og toppfinansiering frå UiB.

Fakultetet har fokus på å betre økonomistyringa og å auke inntektene der det er mogleg, mellom anna gjennom auka gjennomføring av studentar og auke i inntekter frå BOA.

VEDTAK

Fakultetsstyret vedtek å:

1. Godkjenne rekneskaper for 2016
2. Overføre over- og underskot frå 2016 til institutta og avdelingane i samsvar med følgjande tabell, under føresetnad om at universitetsstyret ikkje avkortar fakultetet si overføring:

| Avdeling | Overføring frå 2016 til 2017 |
|---|------------------------------|
| 1200 MN-felles, inkl. fak.adm. og NIFES | 13 256 |
| 1211 Matematisk institutt | -1 575 |
| 1212 Institutt for informatikk inkl. CBU | -11 720 |
| 1224 Institutt for fysikk og teknologi | -12 895 |
| 1231 Kjemisk institutt | 1 687 |
| 1232 Molekylærbiologisk institutt | 3 874 |
| 1244 Geofysisk institutt inkl. Bjerknes-UiB | -942 |
| 1250 Institutt for geovitenskap | 2 793 |
| 1260 Institutt for biologi | -10 466 |
| 1280 Senter for geobiologi | 3 280 |
| 1290 Senter for klimadynamikk | 387 |
| | -12 321 |

Inntekt med minus framfor beløpet

26. januar 2017/RIGE

Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg


1. Økonomirapport for 2016

Økonomirapport for 2016


Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA 2010-2016




Figur 2 Utvikling BOA 2010-2016



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet i perioden 2010-2016, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 5,1 % per år i perioden 2010-2016, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg auke på 3,9 % i same periode. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet var i 2016 høgare enn tidlegare år i perioden. Medan det har vore aktivitetsvekst ved NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet, har det vore ein liten nedgang i annan bidragsaktivitet.

I 2016 kom 38,3 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 37,5 % i 2015.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnader GB og BOA per institutt 2016



Figur 3 viser korleis kostnadane fordelte seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta var hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved Geofysisk institutt og Institutt for geovitskap var 50 %, eller meir, av aktiviteten finansiert av BOA. Både Kjemisk institutt og Institutt for geovitskap har hatt aktivitet knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur som påverkar andelen BOA.

2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) 2016 (tal i 1000 kr)

| Grunnbevilgning (mill.kr) | Prognose 2016 | Årsbudsjett 2016 | Budsjett pr desember 2016 | Rekneskap pr desember 2016 | Avvik pr desember 2016 | Avvik % | Rekneskap desember 2015 | Endring frå desember 2015 |
|----------------------------------|---------------|------------------|---------------------------|----------------------------|------------------------|--------------|-------------------------|---------------------------|
| Inntekter frå KD | | -610 494 | -610 494 | -610 494 | 0 | 0,0 % | -599 379 | 1,9 % |
| Andre inntekter | | -15 000 | -15 000 | -15 548 | 548 | 3,7 % | -17 450 | -10,9 % |
| Inntekter | | -625 494 | -625 494 | -626 041 | 548 | 0,1 % | -616 829 | 1,5 % |
| Investeringar | | 11 038 | 11 038 | 16 493 | -5 455 | -49,4 % | 14 369 | 14,8 % |
| Lønskostnader | | 473 682 | 473 682 | 483 704 | -10 022 | -2,1 % | 462 678 | 4,5 % |
| Andre driftskostnader | | 118 774 | 118 774 | 102 675 | 16 099 | 13,6 % | 106 526 | -3,6 % |
| Internhandel med meir | | 31 553 | 31 553 | 20 404 | 11 148 | 35,3 % | 39 521 | -48,4 % |
| Kostnader | | 635 048 | 635 048 | 623 276 | 11 771 | 1,9 % | 623 094 | 0,0 % |
| Driftsresultat | | 9 554 | 9 554 | -2 785 | 12 319 | | 6 265 | |
| Saldo overført frå forrige år | | -9 554 | -9 554 | -9 556 | 2 | | -15 821 | |
| Saldo overført til neste periode | 5 000 | 0 | 0 | 12 321 | -12 321 | | 9 556 | |
| Sum | | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |

Samla sett er inntektene på motpart 00 omtrent som budsjettert (0,1 % avvik). Det er ingen avvik i inntekter frå KD, medan instituttinntektene har vore ca. 0,5 millionar kroner høgare enn budsjettert. Avviket i instituttinntekter fordeler seg mellom fleire institutt, der somme har positive og andre negative avvik.

Samla er det eit positivt kostnadsavvik på ca. 11,8 mill.kr, og mellom artsklassane er det rimeleg store avvik.

På investeringar er det negativt avvik i høve til budsjett, men nivået på investeringane er i tråd med prognosen vi har hatt i haust. Avviket må sjåast i samanheng med positivt avvik på drift, det er mellom anna feilbudsjettert ca. 2 mill.kr på art 6000 på prosjekt 720009 på Institutt for fysikk og teknologi, og Institutt for biologi har meldt om investeringar på avsetningar som er budsjettert som drift.


På løn er det eit negativt avvik på 10 mill.kr. Om lag 2/3 av avviket er på Institutt for informatikk og Institutt for geovitskap. Institutt for informatikk melder at dei har tilsett fleire personar fast grunna tildelte studieplassar, medan Institutt for geovitskap melder at det er tilsett personar knytt til mellom anna nasjonal infrastruktur som ikkje var i budsjettet, samt at dei har budsjettert utgifter på undervisningsbudsjettet som andre driftskostnader i staden for løn. Mesteparten av det samla lønsavviket er å finne på variabel løn som vikarar, ekstrahjelp, sensur, undervisningshonorar etc., og må sjåast i samanheng med positivt avvik på drift, men det er òg litt negativt avvik på løn til teknisk/administrativt personale.

På andre driftsutgifter er det negative og positive avvik mellom institutta og mellom dei ulike internprosjekta. Det samla positive avviket må sjåast i samanheng med negative avvik på investeringar og løn, men delar av avviket skuldast òg underforbruk av midlar til toppfinansiering og eigenfinansiering BOA på prosjekt 700910, jf. overføringsbehov og forpliktingar i tabellane 2 og 3.

På internartane er det òg eit større positivt avvik. Dette skuldast delvis høgare inntekter frå BOA enn budsjettert (overhead, frikjøp, leigestadsinntekter), og delvis at vi har fått godskrive meir eigenfinansiering og toppfinansiering enn budsjettert, mellom anna til algepilotprosjektet, fellesløftet 3 og toppfinansiering EU-prosjekt.


Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnader på GB per månad for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser har rekneskapen i 2016 i relativt stor grad følgt same mønster som budsjettet, men med nokon svvingingar, sær på hausten.

Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2016 (tal i 1000 kr)



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk i 2016 samanlikna med årets tildeling per institutt. Som figuren viser hadde somme av institutta lediggang i rekrutteringsstillingar, medan andre hadde fleire årsverk enn dei fekk inntekter for. Samla har fakultetet ikkje hatt nokon lediggang i rekrutteringsstillingar i 2016, vi har hatt tilsett 188,5 rekrutteringsstillingar og tildelt 178,8.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk og tildeling 2016



Avskrivningane er det rekneskapsmessige verdifallet på UiB sine eigedelar, og over tid bør UiB som eit minimum oppretthalde verdien på utstyrsparke. På motpart 81 har både investeringane og avskrivningane vore høgare enn budsjettert. I 2016 var avskrivningane ca. 37,4 mill.kr, medan investeringane var ca. 34,3 mill.kr, men merk at investeringar i nasjonal infrastruktur ved Kjemisk institutt på vel 20 millionar kroner er ikkje overført til motpart 81 og kjem i tillegg til dette talet. Av investeringane som er aktivert på motpart 81 er nivået omtrent det same på GB og BOA. Investeringane i GB fordeler seg mellom institutta, medan investeringane i BOA i hovudsak har vore på Institutt for geovitskap knytt til nasjonal infrastruktur.

2.1 Overføring av midlar til 2017

Fakultetet styrte frå starten av året mot budsjettbalanse. Tildeling av nye studieplassar og det at tildeling til SFU bioCEED i 2016 for fyrste gang kom via KD, gjorde at fakultetet per juli auka prognosen til 5 millionar kroner i overskot. Denne prognosen har vi utover året halde fast i.

Tabell 2 viser det totale overføringsbehovet ved fakultetet fordelt etter institutt, og i vedlegg vert overføringane spesifisert etter prosjekt. Som tabellen viser er det til dels store variasjonar i institutta sine akkumulerte overføringsbehov. Overskot er vist med minus framfor beløpet.

Tabell 2 Totalt overføringsbehov til 2017 (tal i 1000 kr)

| Avdeling | Resultat 2016 | Justeringer* | Overføring til 2017 |
|--|----------------|--------------|---------------------|
| 1200 MN-felles | 12 427 | 829 | 13 256 |
| 1201 Fakultetsadministrasjon | 897 | -897 | 0 |
| 1211 Matematisk institutt | -1 575 | | -1 575 |
| 1212 Institutt for informatikk | -6 755 | | -6 755 |
| 121212 CBU | -4 965 | | -4 965 |
| 1224 Institutt for fysikk og teknologi | -12 895 | | -12 895 |
| 1231 Kjemisk institutt | 1 687 | | 1 687 |
| 1232 Molekylærbiologisk institutt | 3 874 | | 3 874 |
| 1244 Geofysisk institutt | -965 | | -965 |
| 124410 Bjerknes-UiB | 23 | | 23 |
| 1250 Institutt for geovitenskap | 2 793 | | 2 793 |
| 1260 Institutt for biologi | -10 466 | | -10 466 |
| 1280 Senter for geobiologi | 3 280 | | 3 280 |
| 1290 Senter for klimadynamikk | 387 | | 387 |
| 1292 Nifes | -68 | 68 | 0 |
| Totalt | -12 321 | 0 | -12 321 |

Inntekt med minus framfor beløpet

** Saldo Fakultetsadministrasjon og NIFES overføres til MN-felles*

Saldoar knytt til fakultetsadministrasjon og Nifes er overført til MN-felles.

Fakultetet samla overfører 12,3 mill.kr til 2017. Dette utgjer ca. 2 % av grunntildelinga til fakultetet, og er 2,7 mill.kr høgare enn overføringa vi tok med oss inn i 2016. Overskotet og auken i høve til prognose skuldast i hovudsak underforbruk i eigenfinansiering og toppfinansiering. Samtidig overfører vi til 2017 forpliktingar knytt til eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, utstyrsinvesteringar og andre øyremerka tiltak som langt overgår overføringa.

Tabell 3 gir oversikt over forpliktingar som fakultetet overfører til 2017.

Tabell 3 Forplikingar 2017, lista er ikkje uttømmende (tal i 1000 kr)

| Hovudtiltak | Prosjekt | Institutt | Beløp |
|--------------------------------------|----------|-----------|---------------|
| SFF Birkelandsenteret | 700910 | IFT | 3 446 |
| SFU BIOCEED | 720085 | BIO | 4 000 |
| | 000000 | BIO | 1 045 |
| ERC | 700910 | II | 2 771 |
| | 700910 | IFT | 4 000 |
| | 700910 | GEO | 3 640 |
| Eigenfinansiering Algepilot Mongstad | 700910 | BIO | 1 444 |
| Bioinformatikk (CBU og Elixir.no) | 000000 | II | 4 965 |
| | 700910 | II | 451 |
| Fellesløftet III - UiB sin andel | 700910 | MI | 1 447 |
| | 700910 | MBI | 355 |
| Vitenskapelig utstyr | 720009 | IFT | 1 293 |
| | 720009 | KI | 1 305 |
| | 720009 | GFI | 418 |
| | 720009 | GEO | 1 584 |
| | 720009 | BIO | 1 056 |
| Etter- og vidareutdanning | 700117 | MI | 248 |
| | 700117 | II | 103 |
| | 700117 | IFT | 251 |
| Likestillingsmidlar | 700028 | MI | 267 |
| | 700028 | IFT | 264 |
| | 700028 | KI | 153 |
| | 700028 | MBI | 512 |
| | 700028 | GFI | 138 |
| | 700028 | GEO | 239 |
| | 700028 | BIO | 541 |
| Science City Bergen | 700286 | MN-felles | 1 254 |
| Studieplassar PPU og lektorutdanning | 000000 | MN-felles | 1 599 |
| Lisensinntekter | 000000 | BIO | 1 024 |
| | | | 39 813 |

Lista er ikkje uttømmende, då ein del forplikingar med lågare beløp ikkje er tekne med.

Universitetsstyret skal handsame overføringa til fakulteta i møte 23.2.2017. Under føresetnad om at universitetsstyret ikkje avkortar fakultetet si overføring på 12,3 millionar kroner, foreslår fakultetsdirektøren å overføre over- og underskot uavkorta til institutta.

2.2 Kommenterar til overføring per avdeling/institutt

Nedanfor fylgjer korte kommenterar pr. institutt. Overføringar ved institutta må sjåast i samanheng med eventuelle forplikingar i tabell 3 over.

MN-felles

For å spreie effekten av resultatnedgangen i 2016 over fleire år fordelte fakultetsstyret i 2016 ca. 13,5 mill.kr meir til institutta enn inntektene frå universitetsstyret tilsa. Dette var ein bevisst strategi, men underskotet på MN-felles skulle sjåast som temporær og det skulle vere ein prioritet å komme i balanse. I tillegg overførte fakultetet eit akkumulert underskot frå 2015 på rundt 4,5 mill.kr, samt forplikingar på 1,9 mill.kr.

I løpet av 2016 er MN-felles, inkl. fakultetsadministrasjonen og NIFES, sitt underskot blitt noko redusert og det vert overført eit underskot på ca. 13,3 millionar kroner til 2017. Samtidig har fakultetet

forpliktingar frå 2016 som må overførast til 2017 på ca. 4,3 millionar kroner. Dei største forpliktingane er knytt til nye studieplassar i PPU og lektorutdanninga, samt Science City Bergen.

Matematisk institutt (MI)

Matematisk institutt har eit akkumulert overskot på ca. 1,6 millionar kroner i 2016.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2016 knytt til mellom anna fellesløftet III, etter- og vidareutdanning og likestillingsmidlar.

Institutt for informatikk (II)

Institutt for informatikk, inkl. CBU, har eit akkumulert overskot på ca. 11,7 millionar kroner i 2016.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2016 knytt til mellom anna CBU og Elixir.no, eigenandelar ERC og etter- og vidareutdanning.

Institutt for fysikk og teknologi (IFT)

Institutt for fysikk og teknologi har eit akkumulert overskot på ca. 12,9 millionar kroner i 2016.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2016 knytt til mellom anna eigenandelar ERC og SFF, samt utstyrsinvesteringar, likestilling og etter- og vidareutdanning.

Kjemisk institutt (KI)

Kjemisk institutt har eit akkumulert underskot på ca. 1,7 millionar kroner i 2016.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2016 knytt til mellom anna utstyrsinvesteringar og likestilling.

Molekylærbiologisk institutt (MBI)

Molekylærbiologisk institutt har eit akkumulert underskot på ca. 3,9 millionar kroner i 2016.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2016 knytt til mellom anna fellesløftet III og likestillingsmidlar.

Geofysisk institutt (GFI)

Geofysisk institutt har eit akkumulert overskot på ca. 0,9 millionar kroner i 2016.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2016 knytt til mellom anna utstyr og likestillingsmidlar.

Institutt for geovitskap (GEO)

Institutt for geovitskap har eit akkumulert underskot på ca. 2,8 millionar kroner i 2016.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2016 knytt til mellom anna eigenandelar ERC, vitskapeleg utstyr og likestillingsmidlar.

Institutt for biologi (BIO)

Institutt for biologi har eit akkumulert overskot på ca. 10,5 millionar kroner i 2016.

Samtidig har instituttet forpliktingar frå 2016 knytt til mellom anna SFU bioCEED, eigenfinansiering algepilotprosjektet, vitskapeleg utstyr, lisensinntekter og likestilling.

Senter for geobiologi (CGB)

Senter for geobiologi har eit akkumulert underskot på grunntildelinga (eigenadel) på 3,3 millionar kroner i 2016.

Dette har vore handsama i styret for senteret ved fleire høve, seinast i styremøte 30.11.2016, der styret uttrykte at senteret synes å ha god budsjettkontroll. Diskrepansen mellom underskot på grunntildelinga og overskot på tildeling frå forskingsrådet ved utgangen av 2016, vil i 2017 bli utlikna gjennom tett økonomisk oppfølging og streng kostnadskontroll.

3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 4 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet 2016 (tal i 1000 kr)

| Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet | Prognose 2016 | Årsbudsjett 2016 | Budsjett pr desember 2016 | Rekneskap pr desember 2016 | Avvik pr desember 2016 | Avvik % | Rekneskap pr desember 2015 | Endring fra desember 2015 |
|--|-----------------|------------------|---------------------------|----------------------------|------------------------|----------------|----------------------------|---------------------------|
| Tilskot/Innbetalinger | | | | | | | | |
| Norges forskingsråd | -230 000 | -230 000 | -230 000 | -226 886 | -3 114 | -1,4 % | -198 499 | 14,3 % |
| EU | -45 000 | -30 000 | -30 000 | -49 749 | 19 749 | 65,8 % | -36 289 | 37,1 % |
| Andre bidrag | -95 000 | -80 000 | -80 000 | -104 874 | 24 874 | 31,1 % | -106 923 | -1,9 % |
| Oppdrag | -6 000 | -3 000 | -3 000 | -4 919 | 1 919 | 64,0 % | -6 165 | -20,2 % |
| Sum | -376 000 | -343 000 | -343 000 | -386 428 | 43 428 | 12,7 % | -347 875 | 11,1 % |
| Aktivitet/kostnader | | | | | | | | |
| Norges forskingsråd | 225 000 | 225 000 | 225 000 | 229 734 | -4 734 | -2,1 % | 213 215 | 7,7 % |
| EU | 45 000 | 41 000 | 41 000 | 49 546 | -8 546 | -20,8 % | 41 345 | 19,8 % |
| Andre bidrag | 94 000 | 94 000 | 94 000 | 102 589 | -8 589 | -9,1 % | 112 075 | -8,5 % |
| Oppdrag | 6 000 | 4 000 | 4 000 | 6 555 | -2 555 | -63,9 % | 2 824 | 132,2 % |
| Sum | 370 000 | 364 000 | 364 000 | 388 425 | -24 425 | -6,7 % | 369 459 | 5,1 % |
| Saldo overført fra forrige år | | | | | | | | |
| Norges forskingsråd | 4 408 | 4 408 | 4 408 | 4 408 | 0 | 0,0 % | -10 308 | -142,8 % |
| EU | -25 998 | -25 998 | -25 998 | -25 998 | 0 | 0,0 % | -31 055 | -16,3 % |
| Andre bidrag | -39 036 | -39 036 | -39 036 | -39 036 | 0 | 0,0 % | -44 192 | -11,7 % |
| Oppdrag | -7 078 | -7 078 | -7 078 | -7 078 | 0 | 0,0 % | -3 737 | 89,4 % |
| Sum | -67 704 | -67 704 | -67 704 | -67 704 | 0 | 0,0 % | -89 291 | -24,2 % |
| Saldo overført til neste periode | | | | | | | | |
| Norges forskingsråd | 592 | 592 | 592 | -7 256 | 7 848 | -1325,7 % | -4 408 | 64,6 % |
| EU | 25 998 | 14 998 | 14 998 | 26 201 | -11 203 | -74,7 % | 25 998 | 0,8 % |
| Andre bidrag | 40 036 | 25 036 | 25 036 | 41 321 | -16 285 | -65,0 % | 39 039 | 5,8 % |
| Oppdrag | 7 078 | 6 078 | 6 078 | 5 442 | 636 | 10,5 % | 7 078 | -23,1 % |
| Sum | 73 704 | 46 704 | 46 704 | 65 708 | -19 004 | -40,7 % | 67 707 | -3,0 % |
| Sum | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |

Fakultetet meldte fra starten av året at både aktiviteten og innbetalingene kom til å vere på nivå med budsjettmåla på hhv. 364 mill.kr og 343 mill.kr i 2016, trass at vi store deler av året låg etter budsjettert aktivitet og aktivitet frå same periodar 2015.

Institutta meldte inn målsetjing for kvar finansieringskjelde 1. juli 2015, medan det framleis var stor usikkerheit knytt til kor mange nye prosjekt fakultetet kom til å få tilslag på i 2016. Både i august og november oppjusterte vi difor prognosane, og mot slutten av året hadde vi ein aktivitetsprognose på 370 mill.kr og 376 mill.kr i innbetalingar. Faktisk aktivitet vart 18,4 mill.kr (5 %) høgare enn prognose og faktiske innbetalingar vart 10,4 mill.kr (2,8 %) høgare enn prognose. Mykje av årsaka til dette var at det i desember vart kostnadsført 12,2 mill.kr, fordelt på andre bidrag og NFR, på algepilotprosjektet på Institutt for biologi og det vart innbetalt 9 mill.kr (6 mill.kr ved NFR og 3 mill.kr ved andre bidrag). Dette var det ikkje tatt tilstrekkeleg høgde for i prognosane. Fakultetet har stort fokus på prognosearbeidet og har mellom anna utarbeida malar og rettleingar som skal betre prognosearbeidet.

Frå 2015 har det vore vekst i NFR-bidragsaktivitet på 7,7 % (16,5 mill.kr). Størst vekst har det vore ved Kjemisk institutt og ved Institutt for biologi, og dette skuldast i stor grad hhv. nasjonal infrastruktur og algepilotprosjekt på Mongstad. Det har vore 14,3 % vekst i innbetalingane frå 2015. Særst ved Institutt for informatikk (Elixir.no), Institutt for fysikk og teknologi (SFF Birkelandsenteret og Cern) og Institutt for biologi (SFI lakselus og Algepilot Mongstad) har det vore vekst i innbetalingane.

EU-bidragsaktiviteten har auka for kvart år i perioden 2010-2016, og aktiviteten har i 2016 vore rundt 8 millionar kroner høgare enn i 2015. Frå 2015 til 2016 er det Institutt for geovitskap som har hatt størst auke i aktivitet, men òg ved Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for biologi har det vore betydeleg auke. Ved Institutt for geovitskap og Institutt for fysikk og teknologi er veksten knytt til ERC-prosjekt. Det har òg vore kraftig vekst i innbetalingane frå EU, frå 36,3 mill.kr i 2015 til 49,7 mill.kr i 2016, ein vekst på 37,1 %. Størst vekst i innbetalingar finn vi ved Institutt for geovitskap og Institutt for biologi, og deretter Institutt for informatikk og Kjemisk institutt. Ved Geofysisk institutt har det vore betydeleg nedgang i innbetalingar i 2016.

Annan bidragsaktivitet har vorte redusert med nær 10 mill.kr i 2016 i høve til aktivitet i 2015. Nedgangen finn vi på Institutt for fysikk og teknologi og Geofysisk institutt. Institutt for biologi har hatt auke i annan bidragsaktivitet i 2016. Innbetalingane er kun redusert med 2 mill.kr.


Etter vekst i perioden 2011-2013, vart oppdragsaktiviteten redusert frå 2013 – 2015. Frå 2015 – 2016 er aktiviteten derimot auka med 3,7 millionar kroner, og auken er hovudsakeleg ved Kjemisk institutt og Institutt for biologi. Innbetalingane er derimot redusert frå 2015, særst ved Institutt for biologi.

Samla overfører fakultetet 65,7 mill.kr til 2017 innan BOA. Vi planla å redusere overføringane i 2016, men grunna høgare innbetalingar enn budsjettet er overføringane framleis på omtrent same nivå som ut av 2015.

Tabell 5 BOA-aktivitet per institutt 2016 (tal i 1000 kr)

| Finansieringskilde | MN-felles | MI | II | IFT | KI | MBI | GFI | GEO | BIO | GEOBIO | Samla |
|---------------------------|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|----------------|
| 1. Oppdragsaktivitet | 0 | 0 | 338 | 595 | 1 489 | 106 | 89 | 605 | 3 333 | 0 | 6 555 |
| 2. NFR - bidragsaktivitet | 0 | 11 105 | 18 105 | 35 077 | 33 042 | 7 027 | 27 411 | 39 326 | 55 017 | 3 625 | 229 734 |
| 3. EU - bidragsaktivitet | 0 | 169 | 3 445 | 7 637 | 291 | 0 | 7 759 | 17 887 | 12 358 | 0 | 49 546 |
| 4. Annen bidragsaktivitet | 4 926 | 4 610 | 6 327 | 8 822 | 4 547 | 7 043 | 5 513 | 38 600 | 22 200 | 0 | 102 589 |
| Sum | 4 926 | 15 884 | 28 216 | 52 131 | 39 369 | 14 175 | 40 772 | 96 418 | 92 908 | 3 625 | 388 425 |
| Prosent av samla BOA | 1,3 % | 4,1 % | 7,3 % | 13,4 % | 10,1 % | 3,6 % | 10,5 % | 24,8 % | 23,9 % | 0,9 % | 100,0 % |

Figur 6 BOA-aktivitet per institutt 2016 (tal i 1000 kr)



Tabell 5 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt for 2016. Samla aktivitet, EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet var alle størst ved Institutt for geovitskap, medan NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktiviteten var størst ved Institutt for biologi.

Både Institutt for geovitskap og Institutt for biologi har hatt BOA-aktivitet på nær 100 mill.kr, og desse to institutta stod i 2016 for nær 50 % av samla aktivitet ved fakultetet.

4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD overførte ca. 11 millionar kroner frå 2016. SKD justerte prognosen for overføring til 2017 frå 7 millionar kroner til 4 millionar kroner i november. Faktisk resultat enda på ca. 3,5 mill.kr i overføring. Senteret har etter plan bygd ned overføringa med 7,5 mill.kr i 2016.

5. Vedlegg

5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringsane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øymerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringsane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).

5.2 Overføringer pr. institutt frå 2010 fram til 2017 (tal i 1000 kr)

| Avdeling | Overføring frå 2010 til 2011 | Overføring frå 2011 til 2012 | Overføring frå 2012 til 2013 | Overføring frå 2013 til 2014 | Overføring frå 2014 til 2015 -før justering- | Overføring frå 2014 til 2015 -etter justering- | Overføring frå 2015 til 2016 | Overføring frå 2016 til 2017 |
|---|------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------------|---|---|------------------------------|------------------------------|
| 1200 MN-felles, inkl. fak.adm. og NIFES | -5 388 | -4 812 | -5 216 | -7 256 | 8 730 | 8 730 | 4 550 | 13 256 |
| 1211 Matematisk institutt | -1 455 | -1 212 | -1 | -194 | 1 272 | 449 | -530 | -1 575 |
| 1212 Institutt for informatikk inkl. CBU | -4 394 | -3 637 | -6 170 | -7 212 | -11 634 | -10 634 | -9 973 | -11 720 |
| 1224 Institutt for fysikk og teknologi | -2 626 | -618 | -109 | -3 338 | -7 068 | -6 068 | -8 384 | -12 895 |
| 1231 Kjemisk institutt inkl CIPR-UIB | -2 956 | -1 173 | -735 | 1 137 | 2 923 | 1 970 | 2 940 | 1 687 |
| 1232 Molekylærbiologisk institutt | -660 | -23 | 227 | -1 863 | -1 508 | -2 052 | 3 216 | 3 874 |
| 1244 Geofysisk institutt inkl. Bjerknes-UIB | -4 147 | -5 025 | -6 287 | -8 362 | -6 844 | -5 844 | 532 | -942 |
| 1250 Institutt for geovitenskap | -1 092 | 2 068 | 67 | 1 633 | -1 396 | -2 637 | -1 124 | 2 793 |
| 1260 Institutt for biologi | 1 636 | 3 971 | -1 360 | -1 187 | -844 | -2 713 | -3 854 | -10 466 |
| 1280 Senter for geobiologi | 451 | -261 | -2 318 | -1 685 | 460 | 460 | 2 610 | 3 280 |
| 1290 Senter for klimadynamikk | 0 | -8 387 | 153 | 153 | 84 | 84 | 458 | 387 |
| | -20 631 | -19 108 | -21 749 | -28 174 | -15 825 | -18 255 | -9 559 | -12 321 |

Inntekt med minus framfor beløpet

5.3 Overføring til 2017, spesifisert etter prosjekt (tal i 1000 kr)

| Sted | Prosjekt | Overføring pr prosjekt | Total overføring |
|---|--|------------------------|------------------|
| 120000 MN-felles | 000000 Uspesifisert | 14 237 | |
| | 700028 Likestillingsarbeid | 431 | |
| | 700117 Etter- og videreutdanning | -1 | |
| | 700267 Teknovest | 1 | |
| | 700286 Bergen Science City | -1 254 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | -1 | |
| | 710005 Strategisk satsning | 1 | |
| | 710006 Studiekvalitetstiltak | -66 | |
| | 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 | 1 | |
| | 720006 Stipendiater | 57 | |
| | 720009 Vit.utstyr/forskn.fond | -147 | 13 257 |
| | 121100 Matematisk institutt | 000000 Uspesifisert | 766 |
| 700028 Likestillingsarbeid | | -267 | |
| 700117 Etter- og videreutdanning | | -248 | |
| 700910 Egenfinansiering BOA | | -1 456 | |
| 710006 Studiekvalitetstiltak | | -61 | |
| 710022 Internasjonalisering | | -108 | |
| 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 | | -16 | |
| 720006 Stipendiater | | -185 | -1 575 |
| 121200 Institutt for informatikk | 000000 Uspesifisert | -3 344 | |
| | 700117 Etter- og videreutdanning | -103 | |
| | 700300 Elixir.no | -56 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | -3 235 | |
| | 710022 Internasjonalisering | -17 | |
| 121212 CBU | 000000 Uspesifisert | -4 965 | -11 720 |
| 122400 Institutt for fysikk og teknologi | 000000 Uspesifisert | -3 490 | |
| | 700028 Likestillingsarbeid | -264 | |
| | 700117 Etter- og videreutdanning | -251 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | -7 501 | |
| | 710022 Internasjonalisering | -143 | |
| | 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 | -38 | |
| | 720006 Stipendiater | 83 | |
| | 720009 Vit.utstyr/forskn.fond | -1 293 | -12 897 |
| 123100 Kjemisk institutt | 000000 Uspesifisert | 3 672 | |
| | 700028 Likestillingsarbeid | -153 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | 480 | |
| | 710006 Studiekvalitetstiltak | -158 | |
| | 710020 Forskerinitierte prosjekter | -40 | |
| | 710022 Internasjonalisering | -16 | |
| | 720006 Stipendiater | -793 | |
| | 720009 Vit.utstyr/forskn.fond | -1 305 | 1 687 |
| 123200 Molekylærbiologisk institutt | 000000 Uspesifisert | 4 621 | |
| | 700028 Likestillingsarbeid | -439 | |
| | 700033 Bruk av resultatmidler | 10 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | -316 | |
| | 710022 Internasjonalisering | -4 | |
| | 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 | -10 | |
| | 720009 Vit.utstyr/forskn.fond | 11 | 3 874 |
| 124400 Geofysisk institutt | 000000 Uspesifisert | 1 267 | |
| | 700028 Likestillingsarbeid | -138 | |
| | 700900 Saldering bidragsprosjekter | -27 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | -2 131 | |
| | 710005 Strategisk satsning | 76 | |
| | 710022 Internasjonalisering | 42 | |
| | 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 | 40 | |
| | 720006 Stipendiater | 324 | |
| | 720009 Vit.utstyr/forskn.fond | -418 | |
| 124410 Bjerknes-UiB | 000000 Uspesifisert | 23 | -942 |
| 125000 Institutt for geovitenskap | 000000 Uspesifisert | 8 255 | |
| | 700028 Likestillingsarbeid | -239 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | -3 092 | |
| | 710022 Internasjonalisering | -47 | |
| | 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 | 42 | |
| | 720006 Stipendiater | -543 | |
| | 720009 Vit.utstyr/forskn.fond | -1 584 | 2 793 |
| 126000 Institutt for biologi | 000000 Uspesifisert | -1 829 | |
| | 700028 Likestillingsarbeid | -541 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | -1 880 | |
| | 710022 Internasjonalisering | -115 | |
| | 710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011 | 446 | |
| | 720006 Stipendiater | -1 512 | |
| | 720009 Vit.utstyr/forskn.fond | -1 035 | |
| | 720085 SFU (Senter for fremdragende utdanning) | -4 000 | -10 466 |
| 128000 Senter for geobiologi | 000000 Uspesifisert | -599 | |
| | 700910 Egenfinansiering BOA | 3 880 | 3 280 |
| 129000 Senter for klimadynamikk | 000000 Uspesifisert | 387 | 387 |
| Totalt | | -12 321 | -12 321 |